



## Rekrutteringsplan

### Rekrutteringsansvarlig

Det er nestleiar i Yngres fotball som er rekrutteringsansvarlig i klubben. Nestleiar i Yngres samarbeider tett med leiar, dagleg leiar og Fair Play ansvarleg i Yngres fotball under førebuing og gjennomføring av oppstartsmøte for nye lag. Klubben har i mange år hatt eit fast opplegg for rekruttering og oppstart av nye lag. Vi har ei klar oppgave og rollefordeling som vi beskriv i denne rekrutteringsplanen

### Rekrutteringsområde

Hareid IL Fotball rekrutterer i hovedsak sine medlemmer fra følgende skulekrinsar:

- Hareid
- Bigset
- Brandal

Det er disse skulane og barna i disse skulekrinsane vi ønskjer å rekruttere nye medlemmer frå. Barn fra andre områder er også velkommen til å bli medlem i Hareid IL fotball, men Yngres fotball vil ikkje drive aktiv rekruttering utanfor sitt hovudområde.

### Prosess for rekruttering – oppstart nye lag

Fotballaga er først og fremst foreldredrevne, men klubben / oppstartsansvarleg hjelper til med å kome i gong.

Oppstartsansvarleg skal fungere som klubbens forlenga arm ut til laga slik vi sikrar god sportsleg oppfølging og at foreldretrenarane får god opplæring og blir kjent med sportsleg plan og klubbens verdiar og haldningar.

I hovudsak består rekrutteringsprosessen og oppstart nye lag av følgjande aktiviteter:

Planlegging av foreldremøte/oppstartmøtemøte inkl. fastsetting av datoar  
Yngres fastset dag for gjennomføring av foreldremøte og oppstartstrening før sommaren, samt kven som er ansvarlig for gjennomføring av dei ulike aktivitetane. Oppstart ved skulestart i 1.klasse.

På foreldremøte blir det gitt informasjon om klubben sine verdiar, organisasjon og retningslinjer av ulike slag. Det blir informert om treningstider og ein får på plass støtteapparat rundt dei enkelte laga.

Informasjon om data på den enkelte spelar blir også innhenta.

Oppgåver til oppstartsansvarleg:

- Invitasjon deles ut på skulane
- Planlegge/gjennomføre foreldremøte
- Sørge føre at alle roller for årgangen blir bemanna( hels på møtet, eller i forkant av møtet)
- Sørge føre tilstrekkeleg opplæring og oppfølging av årgangens trenarar og oppmenn.
- Sjå til at alle spelarar blir sett, ivaretekne og gitt eit godt sportslig tilbod uansett nivå.

- Setje i gong tiltak som bidreg til aktiv rekruttering av jenter dersom det ved oppstart ikkje er tilstrekkeleg tal jenter til å ha eigne treningar.
- Motivere trenarar til kurs og/eller faglige samlingar dei kan/bør være med på. [Barnefotballkvelden](#) er obligatorisk for alle trenarar, [delkurs 1 av C-lisens](#) er obligatorisk for hovudtrenarar og bør fortrinnsvis gjennomførast før sesongstart - ass.trenarar blir og oppfordra til å gjennomføre kurset.
- Tydeliggjere forventingar om at trenarar deltek på [trenersamlinger/kurs](#) eller relevante møter klubben arrangerer.
- Gjere klubb, [verdier, holdninger og visjon](#) kjent for laga.
- Oppfordre lagleiarar til å opprette lukka Facebookgruppe for laget, denne vil i mange tilfelle fungere godt som informasjonskanal.

Vi ønskjer spesielt tett oppfølging av laga og trenere/lagledere den første tiden for å sikre at alle med ei foreldrerolle blir godt kjent med kva rutinar og policy som gjeld i klubben. Vi ønskjer også å sikre god opplæring og oppfølging av trenarane våre så vi saman kan legge til rette for god barnefotball i klubben.

### **Ansvarlig: Rekrutteringsansvarlig**

Informasjon til aktuelle nye medlemmer

Informasjon om oppstartsmøte blir formidla via heimesida og utlevering av invitasjonar på dei aktuelle skulane. Standard invitasjon blir brukt.

### **Ansvarlig: Administrasjonen**

Gjennomføring av oppstartstrening

Oppstarts treningen blir gjennomført av dei foreldre som blir trenarar. Yngres bistår om det er ønskjeleg. Jenter og gutar har kvar si trening. Hovedmålsetjinga er at nye spelarar får ein fin opplevelse og at «fotball er gøy». Treningane skal være enkle med litt oppvarming, enkle øvelser og smålagsspel.

### **Ansvarlig: Trenerkoordinatorer barnefotballen. ( nestleiar Yngres fotball )**

Oppfølgingsmøte med støtteapparat for laga (ca ei veke etter oppstartstrening).

Oppfølgingsmøte skal gje dei som har meldt seg som trenere/lagledere ekstra informasjon i høve klubben og dei oppgavene dei har tatt på seg. Informasjon omhandlar både administrative og sportslege ting. FairPlay-ansvarlig er også tilstade og gir informasjon.

- Hareid IL Fotball sin organisasjon og kontaktpunkt
- Gjennomføring av treningar med utlevering av treningsmanualer, brosjyrar ++
- Informasjon om [www.treningsokta.no](http://www.treningsokta.no)
- Informasjon om seriespill – cuper ++
- FairPlay
- Kurstilbud

